

Innst. O. nr. 73

(2001-2002)

Innstilling fra kommunalkomiteen om forslag frå stortingsrepresentantane Sigvald Oppebøen Hansen, Per Sandberg, Karin Andersen og Magnhild Meltveit Kleppa om forslag til mellombels lov om overgangsreglar i lov 6.mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering

Dokument nr. 8:135 (2001-2002)

Til Odelstinget

1. SAMMENDRAG

Forslagsstillarane viser til at det i Ot.prp. nr. 17 (2001-2002) blei fremma forslag om at dagpengeperioden blei avgrensa til 26 veker, men at personar som i permitteringstida går på arbeidsmarknadstiltak i regi av eller i samarbeid med arbeidsmarknadsetaten, kan avslutte tiltaket sjølv om tiltaket går utover 26 veker.

Kommunalkomiteen slutta seg i innstillinga samrøystes til forslaget, og det blei seinare samrøystes vedteke. Komiteen presiserte likevel at ein ville følgje utviklinga nøye, og at ein om nødvendig ville kunne endre lova dersom denne endringa ville føre til store negative konsekvensar for arbeidstakarane eller at arbeidsløysa blei vesentleg større.

Nå har lova verka i vel fire månader, og så langt ser konsekvensane for arbeidstakarane ut til å vere relativt små. Derimot er mange urolige over kva konsekvensane kan bli for enkelte bransjar. Det gjeld leverandørindustrien innanfor offshorebransjen og asfaltbransjen.

Med bakgrunn i erfaringane så langt, meiner forslagsstillarane at det ikkje er nokon grunn for å gå tilbake til det gamle regelverket.

Det er behov for overgangsordningar slik organisasjonane innanfor dei gjeldande bransjane har bede om. Overgangsordningar vil kunne gjere overgangen til nytt regelverk meir smidig og kunne sikre stabilitet omkring det nye regelverket. Dersom ikkje slike overgangsordningar kjem på plass, er forslagsstillarane redde for at dei gjeldande bransjane må seie opp personar med verdfull kompetanse, og som så kan forsvinne frå bransjane. Dette vil særleg gjelde yngre personar med kortast ansiennitet.

På denne bakgrunnen blir det i dokumentet fremma følgjande forslag:

"Vedtak til mellombels lov om overgangsreglar i lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering

I

§ 1

Arbeidstakarar som var i ein løpande permitteringsperiode per 31. desember 2001, skal behandlast etter regelverket slik det gjaldt før lovendringa av 21. desember 2001 så lenge permitteringa varer.

§ 2

For arbeidstakarar som per 31. desember 2001 ikkje var i ein løpande permitteringsperiode, skal reglane bli tillempa slik at permitteringstid før 1. januar 2002 ikkje blir teken med i utrekninga av kvoten på 26 veker i lønnspliktlova § 3 nr. 2 første ledd og folketrygdlova § 4-7. Ingen kan i medhald av denne føresegna få ein større kvote enn det som ville fylgd av lønnspliktlova og folketrygdlova slik dei lydde før lovendringa.

§ 3

For asfaltbransjen gjeld ei kvote på 36 veker i lønnspliktlova § 3 nr. 2 første ledd og folketrygdlova § 4-7.

§ 4

Føresegnene i §§ 1 og 2 gjeld til 1. juli 2003. Føresegna i § 3 gjelder til 1. januar 2004.

II

Lova tek til å gjelde straks."

2. KOMITEENS MERKNADER

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sigvald Oppebøen Hansen, Reidar Sandal, Karl Eirik Schjøtt-Pedersen og Signe Øye, frå Framstegspartiet, Torbjørn Andersen og Per Sandberg, frå Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen og Heikki Holmås og frå Senterpartiet, leiaren Magnhild Meltveit Kleppa, viser til at grunngevinga frå forslagsstillarane i Dokument nr. 8:135 (2001-2002) om forslag til mellombels lov om overgangsreglar i lov 6 .mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering, og sluttar seg til dette.

Fleirtalet viser til brev av 31 .mai 2002 frå arbeids- og administrasjonsminister Victor D. Norman til komiteen, som er vedlagt innstillinga. Fleirtalet vil gje departementet fullmakt til å definere omgrepet "asfaltbransjen" i forskrift, sjå § 4 i fleirtalet sitt lovframlegg.

Fleirtalet gjer følgjande framlegg:

"Vedtak til mellombels lov om overgangsreglar i lov 6.mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering.

I

§ 1

Arbeidstakarar som var i ein løpande permitteringsperiode per 31. desember 2001, skal behandlast etter regelverket slik det gjaldt før lovendringa av 21. desember 2001 så lenge permitteringa varer.

§ 2

For arbeidstakarar som per 31. desember 2001 ikkje var i ein løpande permitteringsperiode, skal reglane bli tillempa slik at permitteringstid før 1. januar 2002 ikkje blir teken med i utrekninga av kvoten på 26 veker i lønnspliktlova § 3 nr. 2 første ledd og folketrygdlova § 4-7. Ingen kan i medhald av denne føresegna få ein større kvote enn det som ville fylgd av lønnspliktlova og folketrygdlova slik dei lydde før lovendringa.

§ 3

For asfaltbransjen gjeld ei kvote på 36 veker i lønnspliktlova § 3 nr. 2 første ledd og folketrygdlova § 4-7.

§ 4

Departementet kan definere omgrepet asfaltbransjen i forskrift.

§ 5

Føresegnene i §§ 1 og 2 gjeld til 1. juli 2003. Føresegna i § 3 gjeld til 1. januar 2004.

II

Lova tek til å gjelde straks."

Komiteens medlemmer fra Høyre, Peter Gitmark, Hans Kristian Høgsnes og Kari Lise Holmberg og fra Kristelig Folkeparti, Anita Apelthun Sæle og Ivar Østberg, viser til arbeids- og administrasjonsminister Victor D. Normans brev av 31. mai 2002 til komiteen. Disse medlemmer er enig med statsråden i vurderingen av forslaget. Disse medlemmer vil spesielt vise til de problemer forslaget lager for Aetat og at forslaget legger opp til særregler for mindre grupper. Disse medlemmer vil også vise til det sentrale prinsippet om at bedrifter ikke skal kunne velte sine kostnader over på folketrygden.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Dokument nr. 8:135 (2201-2002) - forslag frå stortingsrepresentantane Sigvald Oppebøen Hansen, Per Sandberg, Karin Andersen og Magnhild Meltveit Kleppa om forslag til mellombels lov om overgangsreglar i lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering - bifalles ikke."

3. FORSLAG FRA MINDRETALL

Forslag fra Høyre og Kristelig Folkeparti:

Dokument nr. 8:135 (2201-2002) - forslag frå stortingsrepresentantane Sigvald Oppebøen Hansen, Per Sandberg, Karin Andersen og Magnhild Meltveit Kleppa om forslag til mellombels lov om overgangsreglar i lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering - bifalles ikke.

4. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen viser til dokumentet og til det som står foran og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak til mellombels lov

om overgangsreglar i lov 6 .mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering.

I

§ 1

Arbeidstakarar som var i ein løpande permitteringsperiode per 31. desember 2001, skal behandlast etter regelverket slik det gjaldt før lovendringa av 21. desember 2001 så lenge permitteringa varer.

§ 2

For arbeidstakarar som per 31. desember 2001 ikkje var i ein løpande permitteringsperiode, skal reglane bli tillempa slik at permitteringstid før 1. januar 2002 ikkje blir teken med i utrekninga av kvoten på 26 veker i lønnspliktlova § 3 nr. 2 første ledd og folketrygdlova § 4-7. Ingen kan i medhald av denne føresegna få ein større kvote enn det som ville fylgd av lønnspliktlova og folketrygdlova slik dei lydde før lovendinga.

§ 3

For asfaltbransjen gjeld ei kvote på 36 veker i lønnspliktlova § 3 nr. 2 første ledd og folketrygdlova § 4-7.

§ 4

Departementet kan definere omgrepet asfaltbransjen i forskrift.

§ 5

Føresegnene i §§ 1 og 2 gjeld til 1. juli 2003. Føresegna i § 3 gjeld til 1. januar 2004.

II

Lova tek til å gjelde straks.

Oslo i kommunalkomiteen, den 6 .juni 2002

Magnhild Meltveit Kleppa
leder

Peter Gitmark
ordfører

Hans Kristian Hogsnes
sekretær

Vedlegg**Brev fra Arbeids- og administrasjonsdepartementet v/statsråden til kommunalkomiteen, datert 31. mai 2002****Dokument 8:135 forslag fra stortingsrepresentantane Sigvald Oppebøen Hansen, Per Sandberg, Karin Andersen og Magnhild Meltveit Kleppa om forslag til mellombels lov om overgangsregler i lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering**

Jeg viser til ovennevnte forslag til mellombels lov om overgangsregler i lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering.

Jeg vil innledningsvis understreke at jeg finner det vanskelig at det nok en gang foreslås særregler for mindre grupper (asfaltbransjen), som ut fra alminnelige betraktninger om arbeidsmarkedet bør kunne formidles til annet arbeid i stille perioder. Jeg gjør videre oppmerksom på at permitterte arbeidstakere på dagpenger skal være tilmeldt Aetat og er pliktig til å ta tilvist arbeid.

Jeg har følgende merknader til de enkelte paragrafer i lovutkastet:

§ 1. Under behandlingen av lovendringene i lønnspliktløven og folketrygdloven i Stortinget i desember 2001 redegjorde jeg for at loven skal forstås slik at de som allerede var blitt permittert i 2001, og som var i en løpende permitteringsperiode ved årsskiftet 2001/2002 skal behandles etter det tidligere regelverket. Det kan for eksempel medføre at enkelte som ble permittert i siste uke i 2001 kan være permittert opptil 51 uker med dagpenger i 2002.

§ 1 i lovutkastet er således unødvendig.

§ 2. Jeg forstår forslaget slik at permitteringstid for 1. januar 2002 ikke skal tas med i betraktning ved permittering i 2002. Kun dersom samlet permitteringstid for 2002 og 2001 overstiger 52 uker i løpet av de siste 18 måneder skal permitteringstiden reduseres.

En problemstilling vil være hvorvidt den foreslåtte overgangsregelen i § 2 kun skal gjelde nye permitteringstilfeller etter at denne midlertidige loven er vedtatt, eller om den også skal omfatte de permitteringer uten dagpenger som har funnet sted fra 1. januar 2002 og frem til loven trer i kraft. Aetat har ingen oversikt over hvor mange som har blitt permittert uten å ha hatt rett til dagpenger i tidsrommet fra 1. januar 2002 til denne midlertidige loven trer i kraft. Omfanget antas imidlertid ikke å være stort. Jeg viser til at komiteen selv uttaler at "så langt ser konsekvensane for arbeidstakarane ut til å vere relativt små. Derimot er mange urolige over kva konsekvensane kan bli for enkelte bransjar."

Jeg vil tilrå, siden det tydeligvis hittil har vært få som har blitt permittert uten dagpenger i dette tidsrom, at loven ikke gis tilbakevirkende kraft. De dette gjelder kan også omfatte svært forskjellige tilfelle. Noen

har etter det nye regelverket ikke hatt krav på dagpenger overhodet, andre kan ha mottatt dagpenger i kortere eller lengre tid. Å konstruerer dagpengetilfeller i ettertid er utilrådelig fordi disse permitterte ikke har vært tilmeldt Aetat som arbeidssøkere slik som dagpengeregulverket krever.

Siste setning i § 2 begrenser permitteringen slik at det uansett ikke skal permitteres mer enn 52 uker. Dersom denne nye loven ikke trer i kraft før 1. juli d.å. og ikke har tilbakevirkende kraft vil dette være en unødvendig bestemmelse. Nye permitteringer etter denne loven som iverksettes etter 1. juli 2002 vil ikke kunne bli fanget av samlet permitteringstid for 2002 og 2001 som overstiger 52 uker i løpet av de siste 18 måneder. Hvis loven derimot gis tilbakevirkende kraft vil det kunne medføre mye ekstra arbeid for Aetat.

Jeg vil for ordens skyld opplyse om at det er mulig å gi denne loven tilbakevirkende kraft. Den enkelte som har blitt permittert uten dagpenger må ved søknad til Aetat sannsynliggjøre sitt krav. Vedkommende må dokumentere at han har blitt permittert uten lønn i dette tidsrommet og at han ikke har hatt en annen arbeidsinntekt i det samme tidsrom. Det vil imidlertid være en arbeidskrevende prosess for Aetat både å finne fram til personer som har blitt permittert, vurdere dokumentasjon og beregne dagpenger.

§ 3. Det er kun fiskeforedlingsbedrifter og fiskeoljebedrifter som har hatt særregler ved permittering. Det er som nevnt innledningsvis, etter min mening, uheldig at det foreslås særregler for mindre grupper. Jeg viser til at et sentralt hensyn bak dagpengeregulverket er at bedriftene ikke skal overvelte sine kostnader på folketrygden.

Asfaltbransjen er videre ikke et klart avgrenset begrep. Om det vedtas et unntak for denne bransjen, må departementet få en forskriftshjemmel slik at departementet kan definere hva som ligger i begrepet "asfaltbransjen". Jeg viser til at bransjen utover den ordinære "asfaltlegger" også omfatter transport, produksjon og annen merkantil aktivitet som kan betraktes som annen ordinær virksomhet.

Det vil uansett bli en utfordring for Aetat lokalt å skille de to gruppene fra hverandre, noen kan permitteres i 26 uker, mens andre kan permitteres i 36 uker. Programmeringen av dette vil bli komplisert, og det må lages egne regnskap for dette.

§ 4. Jeg har ingen merknader til de tidsperiodene unntakene skal gjelde.

Krafttreden. At loven skal tre i kraft straks, er svært problematisk av hensyn til programmering av datasystemene. Det kan bli vanskelig for en allerede

presset Aetat å implementere nye kompliserte arbeidsrutiner. Videre vil det kreve noe tid å utarbeide forskrift som definerer asfaltbransjen. Som komiteen selv antyder er det først om noen tid at permitteringe-

ne innenfor offshore- og asfaltbransjen kan komme. Jeg vil derfor be om at loven kan tre i kraft når departementet bestemmer.